

**Vegard ein av 5 norske i internasjonalt korps**

11.04.2013

**Uskedalens svært lovande kornettist Vegard Døssland får stadig meir krevjande oppgåver. Frå 27. april til 5.mai skal han såleis vera med i EYBB som ein av 5 norske musikarar. Det skjer i Oslo i samband med EM for brassband og Vegard gler seg til å verta kjend med og få spela saman med flinke ungdommar frå heile Europa.**

**Vegard er framleis elev ved Toneheim folkehøgskule i Vang ved Hamar og spelar i Jaren Hornmusikkforening på Hadeland, som får mykje ros. Han er og med i Norsk blåseorkester.**

EYBB står for European Youth Brass Band som har Irene Anda som dirigent og er samansett av rundt 30 musikarar frå 10 land. Dei har samling kvart år i samband med EM som var i Rotterdam i fjor.

Denne gongen er den norske gruppa Gerd Karine E. Lunde (althorn), Tuva Ø. Undertun (baryton), Marie Louise Kjeldstad (trombone), Fredrik Hassel (tuba) og Vegard (kornett).

Vegard trur det vert kjempekjekt og inspirerende å delta i EYBB og oppleve EM i Oslo. Han søkte om å få bli med etter å ha høyrte mykje positivt frå vener som hadde vore med der før.

No er han overtyda om at deltakinga vert utviklande både musikalsk og sosialt. Han vil få spela mykje fin musikk saman med flinke folk og få nye kontaktar i heile Europa.

Av Ola Matti Mathisen



Vegard får stadig meir smigrande og inspirerande oppgåver